



Jan Tore Hylland gjer saman med Torbjørn Eik ein viktig jobb på kunstgrasbanen.

I oktober var den etterlengta kunstgrasbanen ved skulen klar, og etter det har det dagleg vore stor aktivitet på banen. Sjølv om graset er kunstig, er den ikkje vedlikehaldsfri! Også denne banen treng pleie kvar einaste veke. Ein gong i veka vert nemleg banen slodda med spesialslodd slik at gummikuler og sand vert fint fordelt i kunstgraset.

Dette arbeidet er i dei beste hender, for Jan Tore Hylland som bur på oppsida av vegen like utanfor Kleivadalssvingen, har teke på seg ansvaret for denne viktige oppgåva. Han har til og med ordna med vikar dersom det vert behov for det. Det er Torbjørn Eik. Laurdag føremiddag var dei to i full gang med jobben, og etter det eg forstod var vikaren på opplæring.

Jan Tore har også maskin som er velegna til å dra spesialslodden. Den kjøpte han for 2 år sidan. Dermed vert idrettslaget spart for eit dyrt innkjøp.

Jan Tore seier at han syns det ser fint ut på og rundt anlegget etter at så mange barn har vore i aktivitet. Han oppfordrar likevel foreldre til å ta ein tur om dei saknar kle for barna sine. Det er ofte fine og dyre kle som er attgløymt.

Elles er det jo viktig at alle er flinke å ta snopepapir og anna boss med heim inntil det kjem bosspann.



Jan Tore og Torbjørn i fullt arbeid.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland